



Kystkultur i forskjellige former

Til helga vert det invitert til utstillinga «Kystkultur i kunsten» i Dokkegalleriet på Breidablikk. Arrangementet er ein del av Kystsogeveken.

Her vil ein finna salsutstilling med bilete laga av Magne Kjellesvik, og ei utstilling av dokker i folke- drakter knytt til kystkultu-

ren i Sunnhordland, laga av Britt Kjellesvik Rage.

Det blir også ei lita utstilling av eldre klede som kunne bli brukt på fiske i tidlegare tider.

Søndag kjem lokalhistorikar Olav Skjellevik for å halda kåseri om fiske i gamledagar.

– Me følte oss nesten avviste av skyttarklubben

May Iren Eide og sonen Gauta, som valde å pendla til Os for å få eit godt nok treningstilbod.

LEIAREN

SNACK TIL POLITIKARANE

Stortingsvalet 2017 nærmar seg. I dag er det berre 18 dagar til me igjen skal gå til stemmeurnene for å avgjera kven som skal sitja ved roret og styra landet dei neste fire åra.

Like sikkert som me nærmar oss stortingsvalet, får Tysnes vitjing av politikarar som ønskjer å få plass i nasjonalforsamlinga vår komande stortingsperiode. Det er ei gruppe politikarar som det gjerne går fire år mellom kvar gong du kan møte på Tysnes.

Måndag var Senterpartiet på Tysnes med parlamentarisk leiar og nummer to på vallista for Hordaland. Høgre har og nyleg hatt besøk av kandidatar høgt plassert på listene, med håp om å sikra dei ein stortingsplass. Dei har vitja næringsliv, snakka med lokale politikarar og veljarar på Tysnes.

Dei lokale partia skal ha ros for å få sentrale politikarar til å vitja Tysnes, under ein hektisk valkamp. I ei tid med fjernsynsdebattar som til tider minner meir om underhaldningsprogram, der politikarane slåst om å snakka i munnen på kvarandre, blir det ein kontrast for veljarane å få møta kandidatane ansikt til ansikt. Det er eit ypperleg høve til å fortelja dei kva saker som betyr noko for folk på Tysnes.

For Tysnes er det gjerne andre spørsmål enn bruk av hijab, religionsfridom og skattepolitikk som fenger i valkampen. Saker som handlar om

– **Møt opp og fortel politikarane som vitjar Tysnes om kva som er viktig for samfunnet vårt**

samferdsle, enten det er ferjer som går sjeldnare og saktare, manglande vegvedlikehald, eller det store spørsmålet om kva tid ein kan venta oppstart for Hordfast, skapar stort engasjement hos oss som er busett i Tysnes kommune.

Sjølvsagt om dei komande stortingspolitikarane helst ikkje vil snakka om milliardsprikk, og langt mindre lovar noko om oppstart for ny E39 over Tysnes, må me stå på og fortelja dei kor viktig dette er for Tysnes. Likeins bør ein og få fram bodskapen om at krava til nullutslipp kanskje må vika litt når det er snakk om redusert rutetilbod for ferjene, som er livsnerva til og frå Tysnes.

Oppmodinga til veljarane må vera klar. Møt opp og fortel politikarane som vitjar Tysnes om kva som er viktig for samfunnet vårt i tida frametter. Det kan kanskje virka fånytt, men om dei tek med seg litt av det dei får høyra frå oss som bur på Tysnes, når dei dei neste fire år skal fatta viktige vedtak, kan det bety mykje for Tysnes si framtid.



Froskemann

Herr froskemann forvillet seg hadde
Men kanskje dette er en padde
Litt sliten måtte han seg støtte
Men ble sint da han meg møtte
Han var ikke kjekk
For han ville jage meg vekk
Men så besnnet han seg
Og trasket rolig sin vei

Evy Hovland

Symbol – symboleffekt og symbolforståing

Symbol har menneske brukt i uminnelige tider. Me brukar dei framleis. Og me har ulike meiningar om verdien og forståinga av symbola me møter i samfunnet. Eg vart svært klar over dette

kort tid etter at eg i hagen hadde sett opp små solcellehagelys i formasjon av ein kors. Begrepsforvirring kan skapa unødige støy. Begrepslære er noko som vart teke i bruk i undervisning i grunnskulen for mange år attende. Kanskje me også skulle innføra symbolforståing?

Religiøse symbol er der mange av og me er alle van med dei. Men forståer me alle og alltid kva dei tyder? Dei tre store religionane kristendom, jødedom og islam har sine symbol. Truleg kjenner me dei

alle; krossen, davidsstjerna og halvmånen. Kva symboliserer dei? Kva er den kristne krossen symbol på? Død, grav og fordervelse? Viss dette er rett, kvil

for bruka dette symbolet i det heile? Det er ingen av oss som opplever den ovannemnde karakteristikk som noko godt. Døden er mennesket sin siste fiende, seier Bibelen. Grava er noko som får tårane våre til å trilla. Fordervelse treng eg ikkje seia noko om. Ordet talar for seg sjølv. La det vera sagt med mynde. Den kristne krossen symboliserer noko heilt anna.

Keisar Konstantin den store opplevde å få eit syn på himmelen. Han såg det kristne krossmerket. Samstundes høyrd

han ei røyst tala til seg: «Ved dette merke skal du sigr.» Den kristne krossen er symbolet på Kristi triumferande siger over mørkets makt og rike. «Gjeldsbrevet mot oss sletta han, det som var skrevet med lovbod; han tok det bort frå oss då han nagla det til korset. Han kledde maktene og åndskreftene nakne og stilte dei fram til spott og spe då han viste seg som seier herre over dem på korset.» Kolosserbrevet 2,14-15.

Eg lar Paulus få siste ordet: «Men eg vil aldri i livet vera stolt av noko anna enn vår Herre Jesu Kristi kross. Ved den er verda krossfest for meg, og eg for verda.» Galaterbrevet 6,14.

Kåre Torbjørnsen



Tysnes.

Bladet Tysnes AS,
Teiglandsvegen 5,
5680 Tysnes



ANSVARLEG REDAKTØR:
Ole Skaten
Dir. nr 53 50 25 12 Mob 970 29 220
ole@tysnesbladet.no



PRODUKSJON/ANNONSAR/GRAFISK:
Morten Haaland
Dir. nr 53 50 25 15 Mob 970 23 126
morten@tysnesbladet.no



JOURNALIST:
Kristine Næss Thorsen
Dir. nr 53 50 25 14
kristine@tysnesbladet.no



JOURNALIST:
Ingunn Gjørde
Dir. nr 53 50 25 18 Mob 918 03 962
ingunn@tysnesbladet.no



GRAFISAR/GRAFISK PROD/ANNONSAR:
Marita Bakke
Dir. nr 53 50 25 16 Mob 995 45 814
marita@tysnesbladet.no



FOTOGRAF/JOURNALIST/SENTRALBORD:
Camilla Korsnes
Dir. nr 53 50 25 10
camilla@tysnesbladet.no

Dansa til ut i dei små timar



SLOW: Mange tilreisande hadde teke turen til Tysneshallen denne laurdagskvelden.

Under dansegallaen i Tysneshallen samla 260 danseløver seg laurdag.

– Den sosiale biten, og tida saman med gode vener er det viktigaste, forklarar Gunn Marit Måge.

Ho høyrer til ei av tre campingvogner, som har køyrd i lag frå Ølve til Tysnes, for å svinga seg laurdagskvelden.

– Huset er med, seier Måge, og gløttar over skuldra, inn vindaugstet på campingvogna.

Gjengen i frå Ølve sit og ladar opp til dansegallaen, som ikkje startar før om nokre timar.

Campingstolane er komne opp, skåla med snop er på bordet, og noko godt har dei funne seg i glaset.

Det sure vèret set ingen stoppar for stemninga i Ølveteltet.

– Det er jo fleire timar sidan det regna no, seier Kjell Måge og flirer.

Campinglivet

– Det er berre å få på seg «tjukkelubbane» her, seier Gunn Marit Våge, og kikkar ned på ullsokkane ho har drege godt opp over leggene.

For det er ingen fin sommardag Tysnes kan by dei tilreisande på denne laurdagen.

Det viktigaste å hugsa når ein skal ut med campingvog-

na på dansegalla, er ifølgje kvinnheringane å ha noko godt i glasset.

– Halve sjarmen er vorspiellet, seier Kåre Revne og smiler.

Men dei skal nok klara å halda ut på dansegolvet heilt til den siste songen, forsikrar dei.

Dansekvelden

Klokka nærmar seg ni, og musikken ljomar ut døra i Tysneshallen.

Bandet Bris, har allereie spelt i ein time. No er det Mona-Jill Band sin tur.

To band bytar på å spela heile kvelden. Det står to scenar side om side, slik at det ikkje blir noko sceneskifte, eller stans i musikken.

Mona-Jill Knapp Forssèn og Guro Håvik svingar dei kvite- og svart-stripte kjolane i takt med tonane frå bandet. Mange har funne vegen ut på dansegolvet. Det svingar.

Mona-Jill Band spelar så ein litt roleg song frå repertoaret. Det er tid for litt god gammaldags «slowdans» i Tysneshallen. Dei fleste finn vegen ut på dansegolvet. Lyset er dempa. Stemninga er god. Dei storkosar seg, dei som har funne vegen til dansegallaen på Tysnes.

Alderen er berre eit tal

Gjennomsnittsalderen til del-

takarane på dansegallaen er kanskje over 60, men mange yngre vil nok slita med å halda følge med dei spreke danseløvene. I timevis held dei koken på dansegolvet.

Ein liten pust i bakken er lov, men dei er raskt på beina, og klare til ein ny svingom.

I entréen sit Anne Karin Eikeland og Torstein Slettevik og småpratar.

– Dansegallaen på Tysnes stiller eg alltid på, seier Eikeland.

Med ei vond skulder blir det lite dansing, men dansegallaen på Tysnes må ho få med seg, tradisjonen tru.

– Det sosiale samværet er veldig viktig på slike arrangement, forklarar ho.

Kjem alltid tilbake

Torstein Slettebakken frå Nesttun er ein annan fast Tysnes-gjest.

– Eg høyrer snart med til inventaret her, seier han og ler godt.

Slettebakken reiser rundt på dansegallaar både i Norge og Sverige.

Nyleg er han komen tilbake får ein tre veker lang tur til Sverige. Der fekk han med seg imponerende fem dansegallaar.

Vellukka dansegalla

– Det er kjempeflott lydbilete



FASTE GJESTER: Torstein Slettebakken og Anne Karin Eikeland kjem alltid tilbake til dansegallaen på Tysnes.

i år, skryt Eikeland.

Arrangøren har hengd opp lange svarte tøyestykke langs alle veggane.

– Lyden blir betre for kvart år, seier Eikeland.

Det er Tysnes musikklag og Tysnes skulekorps som står bak arrangementet.

– Det ser ut som folk kosar seg, seier primus motor Lars Petter Epland.

Mange tilreisande har teke turen, men Epland skulle gjerne likt at det var 100 personar til på dansegallaen.

Dårleg vèr og kolliderande arrangement, trur han er grunnane til at billettsalet ikkje blei høgare enn 260 betalande i år.

Dansegallaen er hovudinn-

tektskjelda til musikklaget. Men dei går i pluss, trass i at billettsalet har vore høgare tidlegare år.

Ambulansetur

For ein av deltakarane slutta kvelden dessverre før han hadde byrja.

– Det var ein mann som glei i trappa, og skada foten. Han blei frakta bort i ambulanse, fortel Epland.

Uhellet skjedde i den glatte tretrappa, mellom Tysneshallen og grusbane.

Me får håpa at resten av dei feststemte deltakarane slapp unna med berre litt stive muklar, og gnagsår på hælen.

INGUNN GJÆRDE
ingunn@tysnesbladet.no



SPELTE OPP: Bris sørge for frisk dansemusikk i Tysneshallen. Frå venstre Thor Herbert Hermansen på gitar, og Per Ellingsen på vokal og gitar.



BUBIL-CAMP: Allereie fredag ettermiddag byrja dei første bubilane å trilla inn på grusbanen nedanfor skulen på Gjerstad.



MONA-JILL BAND: Mona-Jill Knapp Forssèn (i midten) og Guro Håvik stilte i matchande antrekk.



SVINGAR SEG: I over seks timar kunne danseglade menn og kvinner kosa seg på dansesolvet.



ØLVE: Kjell Måge, Gunn Marit Våge og Kåre Revne kom med campingvogner til Gjerstad.



BILLETT-DAMER: Catrine Sandsøy Moss og Monica Epland selde billetter i døra. Mange dugnadstimar ligg bak arrangementet til Tysnes musikk- og Tysnes skulekorps.

Skal kasta ljøs over Jakob Sande sine ukjende dikt

– Dersom eg skal framstilla han ekte, må eg banna i kyrkja, forklarar sokneprest Reidar Ådnanes i Kvinnherad.

– Erfaringa er at ein kveld med Jakob Sande gjer folk engasjerte og litt provoserte, men dei veit kva dei går til, forklarar sokneprest Reidar Ådnanes.

Han gjer klar til føredrag om den store dikteren i Kulturkyrkja på Onarheim som ei del av Kystsogeveken. Mellom anna skal han framføra eit kåseri med dikta til Jakob Sande. Mange av dei er ikkje så godt kjende for folk.

– Det er ikkje dei mest morsame dikta. Ikkje alle av dei er så populære, mellom anna fordi dei er friske i språket. I stilen som Sande skreiv som avgangseksamen på folkeskulen hadde han med banning, og det provoserte, seier han.

Oppteken av nåde

Sjølv om Sande var mykje i opposisjon, fleipa han aldri med den kristne sanninga, berre med dei som hadde påvirkning og makt, forklarar Ådnanes.

– Dei eksistensielle dikta gjev ei kjensle av å vera litt utanfor, forklarar Ådnanes.

– Sande såg nauden rundt seg, men kjende også på si eiga naud. Dikta er sterke uttrykk frå hans eige mørke. I diktsamling der han skriv om folk som har falt utanfor, er nåde eit tilbakevendande ord, fortel han.



SKAL BANNA I KYRKJA: Fredag 1. september kjem sokneprest Reidar Ådnanes til kulturkyrkja for å halda foredrag om Jakob Sande si diktning.

– **Kjent for stemningsfulle dikt** Ådnanes forklarar at det er dei stemningsfulle dikta til Sande som er kjende. Eit av dei er Det ljøser i stille grender.

– Eg kjem kanskje til å ha eit preludium med dei typiske kystdikta, som gjev fantastiske miljøskildringar av livet på kysten. Dei går att i mykje av det andre, seier han.

– Korleis tenkjer du at kvelden blir?

– Veldig mange synest det er kjekt å høyra om Jakob Sande, men dette er nye sider av han, seier Ådnanes.

Interessa for Sande vart styrka då Ådnanes las biografien om Sande, som Ove Eide gav ut for nokre år siden. Eide løftar fram dikteren sitt forfatterskap og viser at han er noko meir enn ein diktar av lyriske viser.

– Eg skal fortelja, lesa dikt og syngja litt, seier soknepresten.

KRISTINE NÆSS THORSEN
kristine@tysnesbladet.no

Vellukka båtbyggjedag



POPULÆR TILSKIPING: Det var bra med liv og røre under båtbyggjedagen på Nerhus i helga. (Foto: Terje Øen)

Søndag tok over 120 personer turen til Nerhus for å lære meir om båtbyggjetradisjonane i Ølve.

– Folk kom frå Åkra, Sunde, Rosendal, Hatlestrand og Tysnes. Særleg stas var det at Tysnes Kystlag kom med to båtar, fortel medarrangør Lars Nerhus.

Sjølv heldt han føredrag for 78 personar om dei lange tradisjonane innan båtbygging på Nerhus i Ølve.

– Elles fekk me besøk av kutteren «Amla» av Florø på 65 fot. Eit nybygg basert på ein kutter som var bygd på Øyra i 1929. Den hadde open båt, slik at dei som ville kunne sjå seg om i båten, som er bygd og innreia som lystbåt.

Ei svært staseleg skute, meiner Nerhus, som er veldig glad for at dei blei godt vør under båtbyggjedagen.

– Eg tippar det er ein av grun-

nane til at det kom så mykje folk, seier han til «Tysnes».

Akkurat som bestilt kom det folk i alle aldrar, og medan drøsen om både fortid og notid gjekk lett blant dei vaksne, kunne borna kosa seg i «Båtbyggeriet». Der fekk dei laga sine eigne båtar som dei kunne sigla med i eit stort basseng som var sett opp for høvet.

– Dei borna som ville fekk og vera med Tysnes Kystlag på ein liten båttur på Ølvesvika. Folk kosa seg med vaflar og pølser, og Gunnar Teigland, Olav Høgestøl og Bjarte Nerhus sytte for fin musikk under delar av arrangementet.

– Dette freistar til gjentakning, smiler Nerhus.

Arrangementet i Ølve var ein del av Kystsogeveken, som byrja 12. august og varar fram til 17. september.

CAMILLA KORSNES
camilla@tysnesbladet.no

SOMMERMØTER JENSVOLL BEDEHUS

Tid: 23 – 27. august
Taler: Magne Birkedal
Onsdag til fredag kl 19.00
Lørdag og søndag kl 18.00
Alle er hjertelig velkommen.

Misjonssambandet

SUNNHORDLAND Senioruniversitet

Bømlo Kulturhus tysdag 29. august kl. 11.00

Prost Svein Arne Theodorsen:

«500 år sidan reformasjonen.

Martin Luther, kven var han og kva ville han»

Ferje frå Hodnanes kl. 09.55



ESPEGARD TRETJÆRE

Vi har farget
tretjære, linolje
og terpentini.
Se hele vårt utvalg
på espegard.no

Naturens egen
trebehandling



Banning og bøn, naud og nåde

Sokneprest Reidar Ådnanes held føredrag om
vår folkekjære diktar Jakob Sande.

TID: FREDAG 1. SEPTEMBER KL 19.00
STAD: KULTURKYRKJA PÅ ONARHEIM
PRIS: 100,-

Arrangementet er støtta av Folkeakademiet Tysnes

Annonser
sponsa av:

Alsaker Fjordbruk



Knut redder liv

Han trenger din hjelp
for å gjøre jobben sin

For bare kr 6,50 per dag blir også du en livredder. Bli fast giver i dag
og send REDD LIV til 2366 (200 kr). Du kan også bli fast giver ved å
kontakte oss på post@rs.no eller telefon 06757. Sammen redder vi liv.

Redningsskapet er en humanitær
organisasjon. Vi redder liv langs norske-
kysten i all slags vær - dag og natt.
RS.NO

125 ÅR
RS(+) Trygghet på sjøen



Har du en
idé som
passer
til vårt mål
om et
tryggere,
sunnere og
mer aktivt
samfunn?

● Søk før 15. september på www.gjensidigestiftelsen.no

GjensidigeStiftelsen



PRØV EI ANNONSE DU OG!